



# Innkalling av Alver formannskap

**Møtedato:** 11.02.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 19:00 - 21:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til [tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no](mailto:tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Ekstramøte.

Sakspapir kjem så snart det er klart. Seinast i morgon kl. 18:00

## Sakliste

Saknr	Tittel
012/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/21	Godkjenning av møteprotokoll
014/21	Innføring av forskrift om smittevern faglig drift på byggeplassar

10. februar 2021

Sara Hamre Sekkingstad  
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID>32T

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 10.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/21	Alver formannskap	11.02.2021

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID>32T  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 10.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/21	Alver formannskap	11.02.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

#### Vedlegg i saken:

05.02.2021 Protokoll - Alver formannskap - 04.02.2021

1508163



# Møteprotokoll for Alver formannskap

**Møtedato:** 04.02.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 09:00 - 18:20

Kl. 09:00-10:00 opplæring digital votering  
ca.kl. 10:00-11:00 styringsgruppe byvekstavtale  
ca.kl. 11:00 ordinær saksbehandling

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF gjekk under hands.av sak 11/21	Medlem
Asle Hettlebakke	KRF	Medlem
Morten Klementsén	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

## Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Eirik Bouwer Utne-tenesteleiar, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Leni Dale-kommunalsjef, Line Merete Valle-tenesteleiar, Marit-Gro Berge-avd.leiar, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja - finansiering
004/21	Pilotprosjekt - Vestlandet sitt flytande litteraturhus
005/21	Forskrift for politivedtekter for Alver kommune
006/21	Søknad om godkjenning til å søkje startlånmidlar 2021 frå Husbanken

- 007/21 Retningslinjer for handsaming av Startlån
- 008/21 Midlar til dekking av kommunal del ved søknad om trafikksikringstilskot frå Vestland fylkeskommune
- 009/21 Tilleggsfinansiering prosjekt 34046 Holmeknappen – Tveit Vatn, 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit
- 010/21 Streaming av politiske møte - endring av reglement
- 011/21 Melding/orientering til formannskapet 04.02.2021

**001/21: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Alver formannskap 04.02.2021:**

**Handsaming:**

Orienteringa, investeringar, vart handsama etter sak 02/21.  
Ellers ingen merknader, samrøystes.

**FO- 001/21 Vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

**002/21: Godkjenning av møteprotokoll**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Alver formannskap 04.02.2021:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

**FO- 002/21 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

**003/21: Universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja - finansiering**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek oppstart av prosjektet universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja med ein projektkostnad på 3,5 millionar. Det vert løyvd 615 000 kroner i kommunale midlar til tiltaket.

**Eldreråd 01.02.2021:**

**Handsaming:**

Rådgjevar kultur, Bente Kopperdal Hervik og prosjektleiar eigedomsforvaltning Trond Engelsen, orienterte og svara på spørsmål.

Eldrerådet gav følgjande samrøystes uttale:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**ER- 004/21 uttale:**

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 01.02.2021:**

**Handsaming:**

**Fellesframlegg:**

RMNF stør rådmannen sitt framlegg og vonar finansieringa kjem på plass, slik at éi av dei tre

dagsturhyttene får universelt utforma tilkomst.

Framlegget vart samrøystes vedteke

**RMNF- 004/21 uttale:**

RMNF stør rådmannen sitt framlegg og vonar finansieringa kjem på plass, slik at éi av dei tre dagsturhyttene får universelt utforma tilkomst.

**Ungdomsråd 01.02.2021:**

**Handsaming:**

Fellesorientering til alle rådene

**UR- 007/21 uttale:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 02.02.2021:**

**Handsaming:**

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur

**Fellesframlegg v/Jon Askeland-Sp**

Saka vert sendt i retur til administrasjonen.

Kostnadene må vesentleg ned, og OKK ber administrasjonen om å vurdere ny lokalisering nærare vika i nærleiken av turstien. Plattingen utover neset er også problematisk i høve inngrep i strandsona. Utført dugnadsarbeid vert kompensert.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**OKK- 006/21 innstilling:**

Saka vert sendt i retur til administrasjonen.

Kostnadene må vesentleg ned, og OKK ber administrasjonen om å vurdere ny lokalisering nærare vika i nærleiken av turstien. Plattingen utover neset er også problematisk i høve inngrep i strandsona. Utført dugnadsarbeid vert kompensert.

**Alver formannskap 04.02.2021:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved S.Sekkingstad-SP:**

Formannskapet ønskjer universell tilkomst til ei av dagsturhyttene.

Grunna den krevjande økonomiske situasjonen til Alver kommune, ser formannskapet det som vanskeleg å finansiere universell tilkomst til dagsturhytta i Byngja slik det ligg føre i saksframlegget.

Formannskapet ber administrasjonen kome tilbake med ei sak der det vert vurdert:

- universell tilkomst til andre dagsturhytter i Alver
- om det er mogleg å gjere universell tilkomst til dagsturhytta i Byngja billegare
- alternative måtar å finansiere universell utforma tilkomst til dagsturhytta

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall

**FO- 003/21 Vedtak:**

Formannskapet ønskjer universell tilkomst til ei av dagsturhyttene.

Grunna den krevjande økonomiske situasjonen til Alver kommune, ser formannskapet det som vanskeleg å finansiere universell tilkomst til dagsturhytta i Byngja slik det ligg føre i saksframlegget.

Formannskapet ber administrasjonen kome tilbake med ei sak der det vert vurdert:

- universell tilkomst til andre dagsturhytter i Alver

- om det er mogleg å gjere universell tilkomst til dagsturhytta i Byngja billegare
- alternative måtar å finansiere universell utforma tilkomst til dagsturhytta

#### **004/21: Pilotprosjekt - Vestlandet sitt flytande litteraturhus**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet stiller seg positive til pilotprosjektet Vestlandet sitt flytande litteraturhus.

Finansiering vert dekkja av eksterne prosjektmidlar.

Evalueringsrapport vert sendt utval for oppvekst, kunnskap og kultur og formannskapet etter at pilotprosjektet er avslutta.

#### **Alver formannskap 04.02.2021:**

##### **Handsaming:**

##### **Framlegg frå T.Larsen-H:**

Formannskapet utset saka og ber om at det legges fram fullstendig pilotprosjekt og finansieringsplan både for pilotprosjektet og korleis ein skal finansiere dette vidare. Relevant dokumentasjon må følgje med saken.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 004/21 Vedtak:**

Formannskapet utset saka og ber om at det legges fram fullstendig pilotprosjekt og finansieringsplan både for pilotprosjektet og korleis ein skal finansiere dette vidare. Relevant dokumentasjon må følgje med saken.

#### **005/21: Forskrift for politivedtekter for Alver kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utkast til forskrift politivedtekt for Alver kommune vert lagt ut på høyring.

#### **Alver formannskap 04.02.2021:**

##### **Handsaming:**

Feil § 4-1 samme pkt 2 ganger

##### **Tilleggsforslag frå AP og KrF ved Ø.Oddekalv-AP:**

Formannskapet meiner det må komme tydeleg fram i høyringa at det er eit alternativ å ikkje regulere tigging i politivedtektene. Derfor må ein inkludere følgjande i vedtektsteksten under § 2-4:

«... eller

§ 2-4 Tigging utgår frå vedtektene.»

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegget frå AP og KRF vart vedteke mot 2 røyster (N.Øvreås-FRP og T.Sletten-Hansen-Uavh.).

#### **FO- 005/21 innstilling:**

Utkast til forskrift politivedtekt for Alver kommune vert lagt ut på høyring med følgjande endring:

Formannskapet meiner det må komme tydeleg fram i høyringa at det er eit alternativ å ikkje regulere tigging i politivedtektene. Derfor må ein inkludere følgjande i vedtektsteksten under § 2-4:

«... eller

§ 2-4 Tigging utgår frå vedtektene.»

**006/21: Søknad om godkjenning til å søkje startlånmidlar 2021 frå Husbanken  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2021 på prosjekt 40002 Startlån til videreutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 110 mill i Startlån til vidare utlån.  
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

**Alver formannskap 04.02.2021:**

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 006/21 innstilling:**

1) Budsjettendring:

Investeringsbudsjettet for 2021 på prosjekt 40002 Startlån til videreutlån vert auka med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill.

Auken vert finansiert med tilsvarande auke med kr 30 mill frå kr 80 mill til kr 110 mill i låneopptak/bruk av lånemidlar.

2) Vedtak om opplåning

Kommunestyret vedtar å ta opp lån på kr 110 mill i Startlån til vidare utlån.  
Rådmannen gjennomfører låneopptak ihht. fullmakt i Finansreglementet pkt. 8.1.

**007/21: Retningsliner for handsaming av Startlån**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek retningsliner for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

**Alver formannskap 04.02.2021:**

**Handsaming:**

**Tilleggsframlegg frå A.Byrknes-KRF:**

1. Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 007/21 innstilling:**

Kommunestyret vedtek retningsliner for handsaming av Startlån slik dei ligg føre i vedlegg til



saka med følgjande tillegg:

Startlån kan brukes som eigenandel til anna lån i bank.

**008/21: Midlar til dekking av kommunal del ved søknad om trafikksikringstilskot frå Vestland fylkeskommune**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

**Alver formannskap 04.02.2021:**

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 008/21 innstilling:**

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

**009/21: Tilleggsfinansiering prosjekt 34046 Holmeknappen – Tveit Vatn, 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit og 36006 Veg Holme-Tveit**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjer 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kn»

**Alver formannskap 04.02.2021:**

**Handsaming:**

**Tilleggsframlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved N.M.Aadland-H:**

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

Godkjenning av prosjektrekneskap

Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Tillegg til rådmannen sitt framlegg:**

Investeringane finansierast med låneopptak

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 009/21 innstilling:**

«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 62 224 000 kr. Av dette utgjer 40 810 000 kr eks mva kostnader til VA, og 21 414 000 kr inkl mva er kostnader til veg.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

- 34046 Holmeknappen – Tveit vatn: 1 500 000 kr
- 35024 Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit: 1 554 000 kr
- 36006 Veg Holme-Tveit: 691 000 kn»

Investeringane finansierast med låneopptak

Kommunestyret ber om ei sak for å revidere retningslinjene for investeringsprosjekt i neste kommunestyremøte, og ber om at følgjande punkt vert tatt med:

- Godkjenning av prosjektrekneskap
- Kommunestyret godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 20 mill. kr skal leggast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

### **010/21: Streaming av politiske møte - endring av reglement**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

#### **Alver formannskap 04.02.2021:**

##### **Handsaming:**

##### **Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-AP:**

1. Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.
2. Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.
3. Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.

Framlegget vart samrøystes vedteke

##### **FO- 010/21 innstilling:**

1. Møta i kommunestyret, formannskapet, utval for areal, plan og miljø, utval for næringsutvikling og drift, utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg blir normalt strøymde. Politisk styringsstruktur og reglement må endrast i tråd med dette.
2. Det blir kjøpt inn fastmontert utstyr for strøyming til helsehuset i Knarvik og kommunehuset på Frekhaug, kr 57 000 per stad. Beløpet blir ført på politisk styring.
3. Rådmannen blir beden om å undersøkje moglegheita for at Region Nordhordland helsehus IKS kan ta kostnaden med utstyr til strøyming som ein del av inventaret i helsehuset.

### **011/21: Melding/orientering til formannskapet 04.02.2021**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

#### **Alver formannskap 04.02.2021:**

##### **Handsaming:**

##### **Følgjande orienteringar vert utsett til neste FO møte:**

- Prosess for kommuneplanen sin samfunnsdel
- Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland
- Prosess for kai 4 – u.off. jf.off.l.§23 4.ledd

##### **Orienteringar:**

- Investeringar i starten av møtet ved eigedomssjef Line Merete Valle, kultursjef Eirik B.Utne
- Økonomiplan, verbalpunkt og plan for strategiprosess økonomiplan vår 2021 – innspel til tema ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Kl. 13:00 ved Baste Tveito, Nordhordland næringslag, Greenspot Mongstad og Batterifabrikk Mongstad – presentasjon av planar

- Utslepp Mongstad ved kommunalsjef Hogne Haugsdal
- Framdriftsplan PwC-rapport ved kommunalsjef Leni Dale
- Uttale ND sak 22/21, sjå vedlegg, orientering organisering næring ved kommunalsjef Hogne Haugsdal

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 011/21 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering



**Arkiv:** FA-G01, FA-G03  
**JournalpostID:** 21/9585  
**Saksbehandler:** Ørjan Raknes Forthun  
**Dato:** 11.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
014/21	Alver formannskap	

## Innføring av forskrift om smittevern faglig drift på byggeplassar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet vedtek på bakgrunn av lokal smittesituasjon i Bergensområdet «Forskrift om smitteverntiltak, Alver kommune». Vedtaket vert gjort med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1.
2. Kommunal kriseleiing ved rådmann får fullmakt til å vurdere og eventuelt justere tiltaka i ei mindre innskjerpande retning etter ei veke.
3. Vedtaket vert gjort etter § 11-8 i kommunelova.
4. Forskrifta gjeld frå og med 12. februar 2021 kl. 00.00.00 til og med 28. februar 2021 kl. 23.59.59

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

### Bakgrunn

Eit utbrot av sør-afrikansk koronavirus pågår i Bergen. Situasjonen er uoversiktleg. Smittetilfella har alle ein knyting til arbeidstakarar på 2 byggeplassar i Bergen. Det er påvist eit tilfelle i Austrheim kytt til dette utbrotet.

Bergen sin første vurdering var at det handla om isolerte tilfelle, men etter kvart har dei kunne påvist kontakt mellom dei. Mutert virus smitter i større grad enn «tradisjonelle» koronavirus, det skal ein lågare grad av eksponering til for at sjukdomsoverføring skal finne sted.

Byggebransjen er ein bransje med stor grad av mobilitet blant arbeidstakarane. Dette inneber stor fare for spreiding mellom byggeplassar og vidare ut i samfunnet elles.

I ein tidlegfase ved eit lokalt utbrot kan ein lykkast med ein stram strategi for å slå utbrotet heilt ned. Om ein får større spreiding må ein velje andre strategiar.

### Saksutgreiing

Etter smittevernlova skal kommunane først prøve ut frivillige løysingar. Med frivillige løysingar er det meint anbefalingar fr myndighetene. Erfaringa er at både enkeltpersonar og bedrifter er

flinke til å følge anbefalingar. Alver kommune prøver i så stor grad som mogleg å ikkje innføre egne reglar. Vi har hatt ein metodikk der vi føl nasjonale forskrifter, retningslinjer og anbefalingar.

Når den lokale situasjonen skil seg frå den nasjonale kan det likevel vere naudsynt med lokale eller regionale tiltak for å kunna handtere ei spesielt krevjande situasjon. Desse tiltaka vert forankra gjennom forskrift.

Bergen kommune har vedtatt ein forskrift for å handtere eit konkret utbrot i eiga kommune. Kommunane som er i felles bu- og arbeidsmarknadsområde med Bergen samarbeider om ein forskrift som skal handtere konsekvensane for våre kommunar av eit utbrot av den sør-afrikanske mutanten i ein bransje med stor grad av mobilitet.

Forskrifta sitt føremål er å fastsetje smittevernreglane for å hindre eller avgrense spreiding av SARS-CoV2 i befolkninga og blant helsepersonell, sikre oppretthald av tilstrekkeleg kapasitet i helse- og omsorgstenesta, slik at tenesta kan handtere smittesituasjonen og ivareta ordinære helse- og omsorgstenester.

Forskrifta skal bidra til at vi ikkje får ei ukontrollert spreiding av mutert covid-19-virus i samfunnet som følgjer av utbrot knytt til byggeplassar i Bergen kommune.

Forskrifta skal hindre smittespreiding mellom kommunar som har påvist mutert virus og kommunar som ikkje har det, ved å redusere mobiliteten av arbeidarar og gi auka fokus på smitteverntiltaka i bransjen.

Bransjen føl i stor grad dei smittevernreglane som gjeld og denne forskrifta vi i praksis vere ein innstramming på følgjande områder:

- Krav om å føre liste over alle som har vore på arbeidsplassen.
- Krav om kontrollrunde kvar annan time.
- Krav om testing ved tidlegare arbeid i ein kommune med påvist sør-afrikansk mutert virus.
- Krav om at ansvarleg person på byggeplassen har god kunnskap om Bransjestandard om smittevern for BNL.

Kommunelegane i kommunane har samarbeida i utarbeidinga av forskrifta.

Alver kommune har hatt nær og tett kontakt med Nordhordland næringslag for i så stor grad som mogleg, å sørge for at ein når målet med forskrifta samtidig som forskrifta ikkje får utilsikta konsekvensar for bransjen.

### **Vurdering:**

Ved innføring av tiltak etter smittevernlova er forholdsmessigheit eit viktig omgrep. Konsekvensen av tiltaka skal stå i forhold til det ein kan oppnå ved å gjennomføre dei. Ein potensiell villspreiing av det sør-afrikanske mutasjonen i heile Bergensregionen vil kunne krevje langt meir inngripande tiltak for mange fleire.

Tiltaka er så langt det er mogleg avstemt med bransjen slik at dei skal verke etter formålet samtidig som dei lag seg gjennomføre og ikkje er for inngripande.

Gjennom å innføre denne forskrifta kan det vere mogleg i fellesskap med dei andre kommunane i Bergensregionen å slå ned utbrotet utan at det får for store konsekvensar for innbyggjarar og næringsliv

### **Vedlegg:**

11.02.2021 Forskrift om smittevernreglane for drift på byggeplassar

1510791

## **Utkast til forskrift om smittevernfagleg drift på byggeplassar**

Heimel: Fastsett av formannskapet etter kommuneloven §11-8 11.02.2021 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1.

### **§ 1. Formål og verkeområde**

Forskrifta sitt føremål er å fastsetje smittevernfaglege tiltak for å hindre eller avgrense spreiring av SARS-CoV2 i befolkninga og blant helsepersonell, sikre oppretthald av tilstrekkeleg kapasitet i helse- og omsorgstenesta, slik at tenesta kan handtere smittesituasjonen og ivareta ordinære helse- og omsorgstenester.

Forskrifta skal bidra til at vi ikkje får ei ukontrollert spreiring av mutert covid-19-virus i samfunnet som følgje av utbrot knytt til byggeplassar i Bergen kommune.

Forskrifta skal hindre smittespreiring mellom kommunar som har påvist mutert virus og kommunar som ikkje har det, ved å redusere mobiliteten av arbeidarar og gi auka fokus på smitteverntiltaka i bransjen.

Forskrifta gjeld i Alver kommune.

### **§ 2. Definisjonar**

Med byggeplass meiner vi stad med følgjande aktivitetar kor det er meir enn 5 arbeidarar (inkl. lærlingar) til stades samtidig, uavhengig av kva for bedrift eller verksemd dei representerer:

- a) oppføring av bygningar
- b) innreiings-, utsmykkings- og installasjonsarbeid
- c) montering og demontering av prefabrikkerte element
- d) riving, demontering, ombygging og istandsetjing
- e) sanering og vedlikehaldsarbeid
- f) alminneleg anleggsverksemd
- g) graving, sprenging og anna grunnarbeid
- h) anna arbeid som blir utført i tilknytning til bygge- eller anleggsarbeid.

### **§ 3. Smittevernfagleg drift på byggeplassar**

Byggeplassar skal sikre etterleving av Byggenæringens landsforening (BNL) sin bransjestandard om smittevern. Anbefalingar i standarden gjeld som påbod i denne forskrifta si verketid. Etterleving av bransjestandard skal kunne dokumenterast i form av planar og oppslag på arbeidsplassen.

Det skal vere lett tilgjengeleg munnbind og handsprit på byggeplassen.

Arbeidarar skal sikre at det er minst 2 meter avstand til andre personar på byggeplassen. Når det er fare for at avstandskravet ikkje kan bli følgt, skal munnbind brukast.

Det skal førast liste over alle som har vore på byggeplassen, med oversikt over tidspunkt og dato. Lista skal utleverast til smittesporarar på førespurnad. Ansvarleg på arbeidsplassen skal aktivt bidra til å få kontakt med smitta, og bidra til at smitta personar og deira nærkontaktar har kunnskap om reglar knytt til karantene og isolasjon. Lista over arbeidarar må behandlast i tråd med GDPR.

Ved levering av varer skal avstandskrava overhaldast - også til personell som leverer varene.

Arbeidsgivar er ansvarleg for at arbeidarar som får luftvegssymptom straks forlet arbeidsplassen. Hender skal spritast og munnbind tas på før heimreise.

Arbeidstakaren blir oppfordra til straks å la seg covid-19-teste med PCR-test.

#### **§4. Krav til pauserom, garderober og sanitære forhold**

FOR-2020-06-19-1265: Arbeidsplassforskrifta gjeld for alle faste og mellombelse arbeidsplassar, tilkomstvegar og for nye og eksisterande arbeidslokale. Ansvarleg for byggeplassen har eit særleg ansvar for å syte for at desse krava blir oppfylte.

I tillegg skal det vere mogleg å halde 2 meters avstand til andre arbeidarar på pauserom, i garderober m.v.. Det skal vere god ventilasjon i rom som blir nytta. Det skal vere vakthald på byggeplassen som går kontrollrundar kvar andre time og som ser til at avstandskrav og andre smittevernreglar til ei kvar tid blir følgde, inkludert bestemming om reingjering som beskrive i Bransjenormen. Dette skal dokumenterast. Brot skal straks bli påtalte.

#### **§ 5. Kven som kan vere til stades på byggeplassen**

Talet på personar som er til stades på byggeplassen skal avgrensast til det talet på personar som er heilt nødvendig for drifta.

Om ein person har jobba på byggeplass i ein kommune med påvist sørafrikansk mutert virus på byggeplass og skal jobbe på byggeplass i Alver kommune, blir det stilt krav om negativ covid-19-PCR-test som ikkje er eldre enn 24 timar før oppstart av arbeid i Alver kommune. Vidare blir det stilt krav om negativ PCR-test kvar tredje dag inntil 14 dagar etter arbeid på byggeplass i kommune med påvist sørafrikansk mutert virus på byggeplass.

Alle som er på byggeplassen skal følgje Bransjestandard om smittevern for BNL sine medlemsbedrifter.

#### **§ 6. Kven som skal vere til stades på byggeplassen**

Ansvarleg for byggeplassen skal ha god kunnskap om Bransjestandard om smittevern for BNL og generelle smittevernreglar. Denne personen skal sjå til at alle arbeidarar som har tilgang til byggeplassen, har tilstrekkeleg kunnskap om smittevern som beskrive i gjeldande bransjestandard.

Ein ansvarleg person skal vere til stades på byggeplassen jf. § 4, når det er meir enn 5 personar til stades. Dette skal være personell som har god kunnskap om Bransjestandard om smittevern for BNL.

#### **§ 7. Testing av arbeidarar**

Bransjen skal samarbeide med Alver kommune si smittevernmyndigheit om testing av arbeidarar på byggeplassar, i tråd med dei faglege anbefalingane som til ei kvar tid kjem frå smittevernmyndigheita.

Arbeidarar som viser teikn til luftvegssymptom, eller som er inkludert i den gruppa som kommunen si smittevernmyndigheit har bede om å teste seg, men som ikkje ønskjer å teste seg, skal bortvisast frå arbeidsplassen.

Ein person som bur eller oppheld seg i Alver kommune og jobbar, eller i løpet av dei siste 14 dagane har jobba, på byggeplass i kommune med påvist sørafrikansk mutert virus, blir sterkt oppfordra til å la seg covid-19-teste med PCR-test. Det er anbefalt vidare testing kvar veke for den som framleis jobbar på slik byggeplass.

### **§ 8. Straff**

Forsettleg eller grovt uaktsamt brot på bestemmingar i denne forskrifta, kan straffast med bøter eller fengsel inntil 6 månader, jf. smittevernlova § 8-1.

### **§ 9. Ikraftsetjing, varigheit**

Forskrifta trer i kraft 12. februar 2021 og gjeld til og med 28. februar 2021.